



Saksprotokoll

Organ: Fylkesutvalet

Møtedato: 01.06.2016

Sak nr.: 15/9901-10

Internt l.nr. 18946/16

Sak: 43/16

Tittel: Høring - Forslag til lokalisering av felleseining for løn og rekneskap i politiet

Behandling:

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Med tilvising til høyringsbrev og høyringsnotat frå Politidirektoratet, dagesett 25.april 2016, vil fylkesutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune gi slik uttale til lokalisering av felleseininga for løn- og rekneskap i politiet:

1. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane meiner at Politidirektoratet må leggje politiet si felleseining for løn- og rekneskap til Florø.
2. Gjennom Nærpolitireforma har Sogn og Fjordane politidistrikt vorte ein del av det nye Vest politidistrikt, og fylket står i fare for å miste viktige arbeidsplassar. Kompetansesarbeidsplassar er viktige for å gjere bu- og arbeidsmarknadsregionen attraktiv. Vi meiner at det er eit omsyn som må vege tungt når nasjonale fellestenester og oppgåver skal fordelast i politiet, noko retningslinene for lokalisering av statlege arbeidsplassar gir klare føringar for.
3. Sogn og Fjordane har vore konstruktiv etter vedtaket om Nærpolitireforma, og vi har forventningar om ei oppfølging av reforma sine formuleringar om at kompetanse skal leggjast desentralisert.
4. Fylkesutvalet har tidlegare gitt sin støtte til lokalisering av felles løn- og rekneskapseining til Florø (FU sak 19/16, 2.mars 2016). Dette er formidla til Politidirektoratet i brev dagsett 8.mars 2016, med vedlagt felles brev frå fylkeskommunen og Flora kommune dagsett 7.mars 2016. Protokoll frå fylkesutvalet 2.mars følgjer vedlagt og fylkesutvalet legg til grunn at denne protokollen inngår som del av vår høyringsuttale.

Fylkesutvalet har slike merknader til høyringsnotatet:

1. Fylkesutvalet vil peike på at når kriteriet minimumsbemanning (9 medarbeidarar) med pendleavstand mindre enn ein time frå bustad blir kombinert med ei tung vekting (60%) av kriteriet kostnadseffektivitet og effektiv oppgåveløysing, vil ingen område utafor det sentrale Austlandet bli med i vurderinga. Dette går fram av høyringsdokumentet og er samanfatta i tabellen s. 10. Fylkesutvalet er uroa over denne vektlegginga med dei konsekvensane den har og krev at kriteriet knytt til lokaliseringspolitikkk blir tillagt vesentleg større vekt når ein skal lokalisere fellestenester, spesialisttenester og fagmiljø. Fylkesutvalet viser her til eigen uttale om administrasjonsstad for i dei nye politidistrikta, punkt 6, dagsett 17.november 2015.
2. Fylkesutvalet er kritisk til at omorganiseringa av politiet blir splitta opp i enkeltstående tiltak, underlagt varierende kriteria og vekting av desse, og sendt på høyring enkeltvis.

Dette gjer det umogeleg å få eit heilskapleg bilete av den samla omorganiseringa og konsekvensane for statlege arbeidsplassar lokalt og regionalt.

3. Fylkesutvalet merkar seg at det er sett hen til praksis og erfaringar frå andre etatar som allereie har gjennomført tilsvarende endringar (jf. høyringsnotatet s. 3, nest siste avsnitt). Utover at det vil vere behov for om lag 70 medarbeidarar og eit areal på om lag 1.400 kvm, gir ikkje høyringsnotatet opplysningar om kva erfaringar desse etatane har. Fylkesutvalet meiner dette er eit svakt punkt i vurderingsgrunnlaget.
4. Fylkesutvalet kan ikkje sjå at det er vurdert om politiet kan gjere seg nytte av samverke med andre statsetatar sine felleseiningar innanfor løn- og rekneskap, og gjennom dette kunne vektleggje kriteria for lokalisering annleis. Fylkesutvalet meiner også dette er eit svakt punkt i vurderingsgrunnlaget.

Endringsframlegg:

Fylkesutvalet sette fram slikt framlegg:

Fylkesordføraren får fullmakt til å formulere fylkeskommunen si endelege høyringsfråsegn basert på fylkesrådmannen si tilråding.

Avrøysting:

Tilrådinga frå fylkesrådmannen, med tillegget frå fylkesutvalet, vart samrøystes vedteken.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Med tilvising til høyringsbrev og høyringsnotat frå Politidirektoratet, dagsett 25.april 2016, vil fylkesutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune gi slik uttale til lokalisering av felleseininga for løn- og rekneskap i politiet:

1. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane meiner at Politidirektoratet må leggje politiet si felleseining for løn- og rekneskap til Florø.
2. Gjennom Nærpolitireforma har Sogn og Fjordane politidistrikt vorte ein del av det nye Vest politidistrikt, og fylket står i fare for å miste viktige arbeidsplassar. Kompetansesarbeidsplassar er viktige for å gjere bu- og arbeidsmarknadsregionen attraktiv. Vi meiner at det er eit omsyn som må vege tungt når nasjonale fellestenester og oppgåver skal fordelast i politiet, noko retningslinene for lokalisering av statlege arbeidsplassar gir klare føringar for.
3. Sogn og Fjordane har vore konstruktiv etter vedtaket om Nærpolitireforma, og vi har forventningar om ei oppfølging av reforma sine formuleringar om at kompetanse skal leggjast desentralisert.
4. Fylkesutvalet har tidlegare gitt sin støtte til lokalisering av felles løn- og rekneskapseining til Florø (FU sak 19/16, 2.mars 2016). Dette er formidla til Politidirektoratet i brev dagsett 8.mars 2016, med vedlagt felles brev frå fylkeskommunen og Flora kommune dagsett 7.mars 2016. Protokoll frå fylkesutvalet 2.mars følgjer vedlagt og fylkesutvalet legg til grunn at denne protokollen inngår som del av vår høyringsuttale

Fylkesutvalet har slike merknader til høyringsnotatet:

1. Fylkesutvalet vil peike på at når kriteriet minimumsbemanning (9 medarbeidarar) med pendleavstand mindre enn ein time frå bustad blir kombinert med ei tung vektning (60%) av kriteriet kostnadseffektivitet og effektiv oppgåveløysing, vil ingen område utafør det sentrale Austlandet bli med i vurderinga. Dette går fram av høyringsdokumentet og er samanfatta i tabellen s. 10. Fylkesutvalet er uroa over denne vektlegginga med dei konsekvensane den har og krev at kriteriet knytt til lokaliseringspolitikkk blir tillagt vesentleg større vekt når ein skal lokalisere fellestenester, spesialisttenester og fagmiljø. Fylkesutvalet viser her til eigen uttale om administrasjonsstad for i dei nye politidistrikta, punkt 6, dagsett 17.november 2015.

2. Fylkesutvalet er kritisk til at omorganiseringa av politiet blir splitta opp i enkeltstående tiltak, underlagt varierende kriterier og vektning av desse, og sendt på høyring enkeltvis. Dette gjer det umogeleg å få eit heilskapleg bilete av den samla omorganiseringa og konsekvensane for statlege arbeidsplassar lokalt og regionalt.
3. Fylkesutvalet merkar seg at det er sett hen til praksis og erfaringar frå andre etatar som allereie har gjennomført tilsvarande endringar (jf. høyringsnotatet s. 3, nest siste avsnitt). Utover at det vil vere behov for om lag 70 medarbeidarar og eit areal på om lag 1.400 kvm, gir ikkje høyringsnotatet opplysningar om kva erfaringar desse etatane har. Fylkes-utvalet meiner dette er eit svakt punkt i vurderingsgrunnlaget.
4. Fylkesutvalet kan ikkje sjå at det er vurdert om politiet kan gjere seg nytte av samverke med andre statsetatar sine felleseiningar innanfor løn- og rekneskap, og gjennom dette kunne vektleggje kriterier for lokalisering annleis. Fylkesutvalet meiner også dette er eit svakt punkt i vurderingsgrunnlaget.

Fylkesordføraren får fullmakt til å formulere fylkeskommunen si endelege høyringsfråsegn basert på ovannemde.